



FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

TILSYN MED VINDAFJORD KOMMUNE

TIDSPUNKT: 21. november 2007 **Vår ref:** 07/7578

**KOMMUNENS
ADRESSE:** Vindafjord kommune, Rådhuset 5580 Ølen

KOMMUNENR: 1154

TILSYNSGRUPPE: Marta Vignes Steine, Vivild Omdal Bredal og Aud Hilda Selnes

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Stabsrådgjevar Arne Borgemyr

Heimel for tilsynet:

Opplæringslova § 14-1, andre og tredje ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 frå Utdannings- og forskingsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 frå Utdanningsdirektoratet.

Tema for tilsynet:

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf. opplæringslova § 1-2 femte ledd og kapittel 5, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1

Vindafjord kommune sikrar ikkje at vedtaka om spesialundervisning er i samsvar med krava i opplæringslova og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.

Avvik 2

Vindafjord kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere, avdekkje og følgje opp om krava i opplæringslova knytte til tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte.

Marta Vignes Steine
seniorrådgivar/ tilsynsleiar

Vivild Omdal Bredal
rådgivar

Aud Hilda Selnes
rådgivar

Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Vindafjord kommune 21.11. 2007. Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Vindafjord kommune har tilfredstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarleg vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerete som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon fra kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Avvik 1.

Vindafjord kommune sikrar ikkje at vedtaka om spesialundervisning er i samsvar med krava i opplæringslova og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.

Avvik frå:

Opplæringslova § 5-1, jf. forvaltningslova §§ 23, 25 og 27.

Lovkommentar:

Eit enkeltvedtak skal vere skriftleg om det ikkje av praktiske grunnar vil vere særleg byrdefullt for forvaltningsorganet, jf. fvl. § 23. Ei avgjerd om ikkje å innvilge spesialundervisning, er å sjå som eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 b. Dersom ein elev har sakkunnig vurdering om behov for spesialundervisning, enten spesialundervisning vert tilrådd eller ikkje tilrådd, skal det fattast begrunna vedtak. I den utstrekning det er naudsynt for å setje parten i stand til å forstå vedtaket, skal grunngjevinga også gjengi innhaldet i reglane, jf. § 25, første ledd andre setning.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Intervju stadfestar at det ikkje alltid er praksis å utarbeide skriftleg sakkunnig vurdering når ein elev er vurdert til ikkje å ha rett til spesialundervisning. I slike saker gir PP-tenesta i hovudsak ei munnleg tilbakemelding til skolen. Det er ulik praksis ved at det i enkelte saker blir fatta skriftleg vedtak på bakgrunn av slik vurdering, i andre saker blir det berre blir gitt munnleg tilbakemelding til foreldra.

Dei skriftlege vedtaka innehold informasjon om lovheimel, men inga grunngjeving om kvifor eleven har rett til spesialundervisning. Det er vidare uklar begrepsbruk i vedtaka. Eksempelvis blir det brukt ”Opplæringslova § 5.. Spesialpedagogisk hjelp” og ”Tildeling av spesialpedagogiske ressursar etter § 5 i Opplæringslova er enkeltvedtak.”

Avvik 2

Vindafjord kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere, avdekkje og følgje opp om krava i opplæringslova knytte til tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte.

Avvik frå:

Oppl. § 13-10 andre ledd, jf. §§ 1-2 femte ledd og 5-1, 5-6.

Lovkommentar:

Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift, og som sikrar at det vert sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig

Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket blir følgt og at skoleeigar innhentar opplysningar og dokumentasjon frå skolane og PP-tenesta på området tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Skoleeigar skal ha eit klart og forstått delegasjonsreglement, der det er klarlagt kven som har mynde til å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning

Jamvel om PP-tenesta organisatorisk og økonomisk høyrer inn under kommunen, vil ikkje det seie at kommunen kan instruere om kva dei pedagogisk-faglege vurderingane skal gå ut på, jf. forarbeida Ot.prp. 46 (1997-98).

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Tilsendt dokumentasjon og intervju viser at skoleeigar held på å byggje opp eit system for å sikre oversikt og betre høve til å følgje opp skolane. Det er jamlege rektormøte med sakliste og referat.

Dokumentet ”Vurdering og kvalitet i skolen” er likevel ikkje i tilstrekkeleg grad eigna til å avdekkje forhold som er i strid med lovverket på områda tilpassa opplæring og spesialundervisning. Det synleggjer heller ikkje at kommunen vil setje i verk adekvate tiltak der det er naudsynt.

Delegasjonsreglement datert 01.01.2006 viser at rektorane har delegert fullmakt til å ”ta avgjerd vedkommande tildeling av spesped.tiltak i samsvar med lovverket.” Intervju viser likevel at det er uklart i organisasjonen kva mynde som er delegert til rektorane.

I ”Prosedyrar for arbeidet med spesialundervisning...” gjeldande frå 01.01.07 står:
”Sakshandsamarane arbeider ut dei sakkunnige utgreiingane på vanleg måte; med ein endring frå tidlegare år. Under ”omfang” skal det ikkje skrivast timetal”. Dokumentasjon og intervju stadfestar at dette blir følgt.

4. Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	31.08.07
Formøte blei halde:	17.10.07
Intervju blei gjennomførte:	21.11.07
Sluttmøte blei halde:	11.12.07

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

5. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis ein vil følgje opp avvika i rapporten innan 1. mars 2008.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Vindafjord kommune:

1. Organisasjonskart for kommunen
 - a. Dei sjølvstendige einingane
 - b. Rådmannen sin Stab
2. Delegasjonsreglement i kommunen
 - a. Delegasjonsreglement for Vindafjord kommune 2007
 - b. Delegasjonsreglement til rektor frå 01.01.06
 - c. Delegasjonsreglement til stabsrådgjevar skule/PPT/barnehage frå 01.01.06
3. Verksem.dsplan/årsmelding for 2006
4. Plan for kompetanseutvikling
 - a. Plan for kompetanseutvikling i Vindafjord 2007/2008
 - b. Pedagogisk handlingsplan for 01.08.07-31.12.08
 - c. Semesterplan tilpassa opplæring (plan for kompetansegjevande kurs)
5. Økonomisk tildeling/tidelingsmodellar
6. Retningsliner for sakshandsaming i kommunen
7. Planar/rutinar for å sikre tilpassa opplæring og spesialundervisning
8. Planar/rutinar for bruk av alternative opplæringsarenaer
9. Kommuneplan 2007-2018 Samfunnsdel
10. Vurdering og kvalitet i skulen – Eit rammeverk for kommunen og skulane

Materiale tilsendt frå PP-tenesta i Vindafjord kommune:

11. Verksem.dsplan/årsmelding – sider knytt til PPT
12. Personaloversikt/organisasjonskart
13. Planar/rutinebeskrivingar for tilmelding/sakshandsaming
 - a. Spesialpedagogisk sakshandsaming for Ølen kommune 2002
 - b. Plan for spesialpedagogisk sakshandsaming for etne kommune 2007
 - c. Tilmeldingsskjema – førskule, skule og vaksne
 - d. Mal sakkunnig vurdering
 - e. Mal IOP
 - f. Mal halvårsrapport
14. Prosedyrer for arbeidet med spesialundervisning/tilpassa undervisning/fordeling av rammetimetalet i Vindafjord kommune

Materiale tilsendt frå Skjold skule:

15. Handbok for Skjold skule 2007/2008 – eks:
 - a. Spesialundervisning og styrkingstiltak
 - b. Årshjul for timer etter vedtak § 5-1
 - c. Framgangsmåte ved nyoppmelding
 - d. Oversyn over ulike testar på alle årssteg
 - e. Oversyn over anna kartleggingmateriell
 - f. Satsingsområde
 - i. Arbeid med dei grunnleggjande dugleikane
 - ii. Tilpassa opplæring
16. Pedagogisk handlingsplan for perioden 01.08.07- 31.12.08
17. Felles rutinar for overgang barnehage-skule
18. Overgang barnetrinn-ungdomstrinn
19. Orientering om ungdomsskulen

20. Val av framandspråk eller språkleg fordjuping
21. Heim- skullearbeidet ved skulen – ulike skjema og samtaleark
22. Vekeplanar/arbeidsplanar for dei ulike trinna/grupper/elevar
23. Skjema styrkingstiltak for elev
24. Sjekkliste i høve til opplæringslova
25. 4 elevsaker m/ enkeltvedtak, sakkunnig vurdering, IOP og halvårsrapport

Materiale tilsendt frå Vats skule:

26. Verksem.dsplan og årsmelding
27. Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning
 - a. Årshjul for spesialundervisning – tilpassa opplæring – kommunale og statlege testar
 - b. IOP for alle elevar
 - c. IOP for elevar med vedtak etter § 5-1
 - d. Lesekurs
 - e. Ped. ProsjeKT
 - f. Halvårsrapport
28. Eksempel på arbeidsplanar som synleggjer tilpassa opplæring og spesialundervisning
29. Skjema for elevsamtaile og foreldresamtale
30. 4 elevsaker m/ enkeltvedtak, sakkunnig vurdering, IOP og halvårsrapport
31. Retningslinjer for overgang barnetrinn/ungdomstrinn og barnehage/småskuletrinn
32. Klassseopplegget ”Å vere saman”
33. ”Ankleisveka” 2007-12-27 Ekskursjonsplanar

Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Namn	Funksjon	Føremøte	Intervju	Sluttmøte
Helge Thorheim	Rådmann	x		x
Ove Eidsheim	Økonomisjef		x	x
Arne Borgemyr	Stabsrådgjevar	x	x	x
Gunnar Listog	PP-leiar	x	x	x
Øyvind Valen	Rektor Skjold skule	x	x	x
Inger Lise Haugen	Lærar Skjold skule	x	x	x
Bernt Hjelmervik	Rektor Vats skule	x	x	x
Grete Halvorsen	Lærar Vats skule	x	x	x

Frå Fylkesmannen deltok seniorrådgivar Marta Vignes Steine, rådgivar Vivild Omdal Bredal og rådgivar Aud Hilda Selnes med førstnemnde som tilsynsleiar.